



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/166 - 16/10088

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
18.04.2016

Utsleppsløyve - gbnr 175/16, 175/3, 175/30, 175/31, 175/32 Skår

Administrativt vedtak. Saknr: 198/16

Tiltakshavar: Eigarane av gbnr 175/16, 3, 30, 31, 32
Ansvarleg søkar: Seim Bygg AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for 5 bustader på gbnr 175/16, 3, 30, 31 og 32 . Storleiken på utsleppet er opplyst til å vera 25 pe. Det er ein ny bustad og 4 eksisterande som skal ha ny felles slamavskiljar knytt til eksisterande utsleppsleidning til sjø på 10 m djupne.

Det vert elles vist til søknad mottatt 15.01.2016 og komplettert 09.03.2016

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 29.02.2016 jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.



Reinseløysing

Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Nabovarsel

Naboar til det nye anlegget er varsla Det har ikkje komme merknader til søknaden

Privatrettslege tilhøve

Avtale om plassering av slamavskiljar på gbnr 175/2 er dokumentert.

Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning

Det er lagt fram avtale om tilknytning til eksisterande utsleppsleidning til sjø og om fordeling av kostnader og vedlikehald av anlegg.

VURDERING

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsomt område.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsleidning er i forskriftsmessig stand og at anlegget kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 09.03.2016.

Godkjenning etter andre lovverk

Det er søkt om løyve til etablering av anlegget etter plan- og bygningslova. Søknaden er handsama i eiga sak: **Administrativt vedtak. Saknr: 199/16**

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for 5 bustader på gbnr 175/16, 3, 30, 31, 32 for 25 pe, i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Utsleppet frå eigedommane skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før utsleppet vert ført i tett, nedgraven leidning til eksisterande avløpsleidning som går til sjø.
2. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
3. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avløpsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
5. Dette løyvet erstattar tidlegare utsleppsløyve som måtte ligga føre for dei aktuelle eigedommane.
6. Avtalar/erklæringar om private rettar og plikter skal tinglysast på dei aktuelle eigedommane, for at dei også skal gjelda for framtidige eigarar.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller reisast krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg ai frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avløpsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 16/166**

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kjell Magne Totland	Seimstranda 339	5912	SEIM
Linda Eirin Skår	Seimstranda 343	5912	SEIM
Linda Næsse	Seimstranda 325	5912	SEIM
Margunn Totland Bakkerud	Seimstranda 341	5912	SEIM
Tommy Kolås og Linda Beate Eide	Seimstranda 342	5912	SEIM

Mottakarar:

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------